



KNUT MYRANN

frå Numedal til Tinn

The logo of the Norwegian public service broadcaster NRK, consisting of a white circle containing the letters "NRK" in a black, sans-serif font.



FOTO: SKREDEGÅRD FOTO AS, 2000

FRÅ NUMEDAL TIL TINN

EIT MINNE

Sume musikalske opplevingar står som ein bauta i minnet. Knut Myrann ga meg eingong ei slik oppleving. Han veit det ikkje sjøl, trur eg.

Ein dag for mange år sidan reiste eg og familien min ein sundagstur til Tuddal. Det skulle vera ei tilstelning på Bygdetunet der, visste vi, og tenkte det kunne vera fint å oppleva.

Vel framme såg vi det var mykje folk og Knut Buen var leiari for arrangementet. Med eitt gjorde han eit opphold i pratinga si, før han sa: «Nei, no ser eg vi har fått besøk her av stor spelemannen, numedølen Knut Myrann – no vil eg utfordre han til å spela nokre slåttar fe kånn».

Numedølen, som var på ei tilfeldig gjennomreise nølte ikkje, han helsa og tog fram feleskrinet. Og ulikt numedolar var han klar med det same.

Som det høvde seg i Tuddal tok han opp Tjønnfela, tok nokre få lette drag over strengene og la te spela. Det vart ei magisk stund.

Spelemannen var i storform, den eine slåtten kom etter den andre utan stemming og nøling. Det var temmeleg uroleg i folkemengda da han byrja, men ganske snart stilna det. Dei som var der opplevde noko, og Knut Myrann ga av det beste han kunne. Denne sundags formiddagen kjem eg aldri til å gløyme.

Slik er det i blant med store spelemenn, den magiske stunda da alt går av seg sjøl. Om dei ikkje fell i transe som det ofte er fortalt om spelemenn for lengje sidan, så er dei liukev inn i si eiga verd der berre tonane lever. Dette var ei slik stund. Knut Myrann var oppspela som vi seier, tonane pressa på og spelemannen ville formidle det.

/Even Tråen

KNUT MYRANN

Ave dei beste har han vore, hardingfelespelaren Knut Myrann, heilt sidan han vann Landskappleiken, i yngste klasse i Kristiansand i 1951, og fram mot ártusenskifftet. Myrann representerar Numedal, eit distrikt med folkekunstrøter langt tilbake i tid, og folkemusikken er ein sterk del av den tradisjonen. I 1954 vann Knut klasse B under Landskappleiken i Lom, og det heila toppa seg i 1973 og 1976 då han vann kl. A (eliteklassa). Han er fram til i dag den einaste numedolen som har vunne Landskappleiken.

I september 2014 miste Numedal/Kongsberg-regionen to tradisjonsbærarar av rang innanfor hardingfelemusikken: Arne Olsen, Flesberg (1940–2014) og Leif Aasane, Kongsberg (1933–2014). Knut Myrann kan ein seia står att som ein av dei få verkeleg store tradisjonsbærarane av numedalsmusikken, og med denne plata vil plateselskapet ta:lik kasta lys over denne utøvaren med eit utval optak gjort gjennom eit langt og aktivt spelemannsliv.



Olav Strømmen sen.

Knut Myrann er fødd i Nore i Numedal i 1932, eit område der folkesmukken har stått sterkt, trass i at dalføret har vore inneklemt mellom sterke folkemusikkdistrikta som Hallingdal og Telemark. Det var naturleg for Knut å henta rettleining og inspirasjon i nærmiljøet, men han byrja ganske tidleg å sjå lenger: Til naboaene i vest, særleg Telemark. Øvre Numedal og Tinn i aust-Telemark har alltid stått kvarandre nær i slåttespelet, og her henta Knut også slåttar, som numedøler har gjort før han.

Den største inspirasjonskjelda i Numedal var Steingrim Haukjem (1897–1968) frå Veggli. Når morfaren Knut Stordokk fekk vitjing av Steingrim, måtte Knut sitja musestille på golvet og høyra på fele- og hesteprat. Om Knut enno ikkje hadde byrja spela så kunne han i ung alder på ein måte mange slåttar ved å vera tilskodar til desse treffar mellom morfaren og Steingrim. Det vart mange gonger spelning til den lyse morgen. Så var det å fylgia spelemannen til stasjonen for å ta toget til Veggli. Mens dei venta på toget hende det ofte at Steingrim tok fram att fela og byrja spela. Tid og stad vart gløymt, og når toget kom, var det

nesten som ein måtte bera spelemannen inn på toget.

Ein etterjulswinter i byrjinga av 1950-talet var Knut Myrann i lag med Steingrim på tømmerkjøring i Verjedalen. Så mykje spelning vart det ikkje desse vinterdagane. Arbeidsdagen var lang og Knut måtte tideleg i seng for å samla krefter til neste dag, men det var verdifullt å bli kjend med spelemannen Steingrim på denne måten.

Brorne Olav Strømmen sen. (1914–2008) og Steinar Strømmen (1908–2002), i tillegg til Halvor Kaasin (1900–1994) i Nore, stod også sentralt i byrjinga av karrieren til Knut Myrann.

Olav Strømmen sen. vart tidleg lagt merke til som spelemann. Alt som 11-åring var han på sin første kappleik, og fekk då omframpremie. I fyrstninga hadde han broren Thorleif som læremeister, men med tid så fekk også Olav læra av Steingrim Haukjem, som vart den leilande spelemannen i øvre Numedal.

Broroen Steinar Strømmen byrja spela rundt 1927, og han vart eit fast innslag på kappleikane til Numedal fylkeslag. Heile 50 gonger deltok



Halvor Kaasin

han. Elles deltok han på andre kappleikar både i Telemark, Sigdal og Hallingdal og fekk mange gode plasseringar.

Halvor Kaasin må reknast som ein av dei beste spelemennene øvre Numedal har fostra, og gode læremeistrar hadde han. Fyrst Steingrim Haukjem, seinare Johannes Dahle på Tinn. Andre kjende namn som Truls Ørpen frå Krødsherad og Tor Hagen, Veggli (oppinneleg tinddøl) fekk han også læra slåttar av, for det var det gamle slåttespelet som stod Halvor sitt hjarta nærest. Han var trufast mot tradisjonen, men sette likevel sitt sær preg på slåttane.

I Telemark var det Eivind Mo (1904–1995), Johannes Dahle (1890–1980), Torkjell Haugerud (1976–1954), Høye Kvåle (1879–1967), Rikard Gøytil (1890–1967), Kristiane Lund (1889–1976) og Gjermund Haugen (1914–1976). Knut Myrann henta mest slåttestoff hjå. Når alle desse spelemennene er nemnde, så må likevel Johannes Dahle nemnast i fremste rekke når det gjeld slåttar Knut lærde seg. Av han fekk han også numedalsslåttar som hadde teke vegen over fjellet til Tinn.



Sigbjørn Bernhoff Osa (t.v.) og Gjermund Haugen.



Knut i samspel med to av elevane sine, Øyvind Brabant (midten) og Frank Syversrud (t.v.).



Knut Halvards.

Ved sida av desse sentrale hardingfeleutøvarane fekk Knut tidleg treffa hardingfelespelemannen Sigbjørn Bernhoff Osa (1910–1990) frå Voss, som mellom anna vann kl. A på Landskappleiken i Kristiansand i 1951. Hjå denne, etter kvart så landskjende spelemannen, la Knut grunnlaget for den framifrå gode bogehanda han utvikla med åra. Møta med denne kunstnaren gav rike ringverknader, og er ein fyrt i vest så må også felespelen Anders Kjerland (1900–1989) frå Granvin i Hardanger nemnast som inspirasjonskjelde.

Som ein skjønar har Knut Myrann henta det beste frå dei beste, som har gjeve han ein bakgrunn rik på slåttar og slåttekunnskap generelt, som han så har ført vidare til yngre generasjonar. For Myrann harhatt mange elevar i lære, og einskilde av dei har nådd store høgder som utøvarar.

Etter at Steingrim Haukjem gjekk bort vart Tinn eit sentralt distrikt Knut henta slåttar frå, gjennom spelemannen Johannes Dahl. Slåttemusikken i Tinn og øvre Numedal er i slekt, og difor fall det naturleg at Knut også henta spel i frå den kanten. Av Johannes lærde Knut slåttar i numedals- og Dahletradisjon, og i Lurås-/Gibøentradisjon.

For innsats sin for folkemusikken har Knut blitt heidra med:

- Heidersmedlem i FolkOrg, (tidligere Landslaget for spelemenn), 1999

- Heidersmedlem i Nes Spel – og Dansarlag, 2000
- Hallingdalsmedalja i gull, 1963
- Kulturprisen frå Nes kommune, 2000
- Kulturprisen frå Nore og Uvdal kommune, 2007
- Spelemannspris frå Folkemusikkdagane i Porsgrunn

KNUT HALVARDS

I 1976 starta Knut sitt eige gamaldansorkester, *Knut Halvards* (Halvard Haugen, Arne Sigurd Haugen, Knut Myrann, Martin Thue og Oddvar Fingarsen). Same året reiste orkesteret på turné til USA. I 1979 vart det ein ny tur, og i 1987 fekk dei tilbod om å koma til Minot i Nord-Dakota og spela på *Norsk høstfest*.

I 1982 vart *Knut Halvards* norgesmeistrar i gamaldansmusikk, og etter kvart vart det tre plateinnspelingar, i 1982, 1983 og 1986 (*Gamla kom inn att..., Stakkars Per og Slåttfest*). Orkesteret var i mange år eit av dei mest etterspurde til dans- og konsertspeling. Det var spesielt det gamle runddansspelet som levde på bygdene som var deira varemerke, og hardingfela var eit sentralt element i lydbildet.

RIKT LIV

Knut Myrann kan sjå tilbake på eit rikt og spanande spelemannsliv. Han er ein av dei heldige som fekk oppleva og læra av dei gamle storkultane innan slåttespel, både frå aust og vest.

Sjølv om Knut har budd på Nesbyen det meste av livet, har han vore trufast mot tradisjonen frå øvre Numedal. Han har vore svært oppteken av slåttetradisjonen etter Løytnandsdrengene frå Nore, og han har hatt fleire radioprogram om denne gåverike spelemannsætta.

Knut vart ofte kritisert i Numedal fordi han lærde seg telemarksspel. – Det skjønar eg ikkje, seier Knut. – Dette er ikkje noko nytt. Det er berre historia som tek seg opp att. Dei aller fleste storspelemennene i Numedal har mellom anna vore i Telemark og lært seg spel. Her kan nemnast Løytnandsdrengene, som lærde av Knut Lurås (1780–1843) og

andre dei møtte på Kongsbergmarken, Steingrim Haukjem vitja Telemark titt og ofte, som nemnt tidlegare, Hellik A. Juveli (1897–1986) frå Flesberg hadde mykje telespel på repertoaret, og det same kan seiast om andre spelemenn i Numedal i dag, avsluttar Knut.

Knut Myrann gjorde altså som mange før han, og reiste ut for å læra meir, noko denne produksjonen også vil bera preg av.

NYKOMPONERTE SLÅTTER

Knut Myrann har også komponert nye slåttar i gammal stil. Vedlegg til denne plata er noteoppskrifter av desse slåttane: *Frå Numedal til Tinn*, *På Kongsbergmarken*, *Pål Løytnantsdrengs minne* og *Steingrim Haukjems minne*. Dei to andre er *Olav Vikens minne* og *Rugg – Vassfartonar*.

/Bjørn Laupsa-Borge

SLÅTTEOMTALE



Pål Løytnantsdreng

01. Pål Løytnantsdreng, gangar (1981)

Kjelder: Johannes Dahle/Steingrim Haukjern. Dette er ein slått i tradisjon etter Pål Løytnantsdreng. Dei var fire brør, desse Løytnantsdrenge: Pål (1786–1867), Halvor (1789–1845), Gunnar (1798–1888) og Torstein (1805–1887). Faren var Knut Løytnantsdreng (1763–1848), og han skulle ha spela på Kongsbergmarken, som sonen Pål også gjorde.

«Eg veit ikkje anna e kan stille ni stillinga på fela o leike låtta på dei, o dæ kan synin mine me'», seier herma etter Knut.

Knut Løytnantsdreng sa til sønene sine: – Sit inkje her og heng. Anten takje boka eller tak fela. Så tok dei fela.

Pål reiste på sine gamle dagar til Amerika i lag med dottera si. Der borte dreiv han som spelemann og rokkemakar for nybyggjarane. I 1867 døyde han, 81 år gammal. Pål var nok den beste av dei fire brørne og han som har sett sterkest preg på Løytnantsdrengspelet.

02. Fjellbekken, springar (1981)

Kjelder: Steingrim Haukjern. Slåtten kom til Numedal via Steingrim Haukjern. Han hadde slåtten etter Kjetil Flatin (1879–1960) frå Seljord, og han igjen etter Eilev Smedal (1889–1938).

Haukjern var mykje i kontakt med spelemenn frå Telemark. Smedal kalla også slåtten for *Springar etter Fykerud* (Lars Fykerud, 1860–1902). Eilev hadde slåtten etter broren Harald.

03. Seljefløyteslått, springar – med Knut Stordokk (1957)

Knut Stordokk var morfar til Knut Myrann og ein interessant person. Han var bonde og tømmerkørar og svært oppteken av raske hestar. Han var musikalsk og spela både litt hardingfele, og seljefløyte, som han var ein meister i å laga. Han laga ofte fleire om gongen så

han hadde nokon å velgja i gjennom sommaren. Når seljefløyta let på Myrann, var våren kome. Knut improviserte og laga slåtten sjølv. NRK har opptak av seljefløytespelet hans. Han var god ven med spelemannen Steingrim Haukjern, som ofte kom til Myrann på vitjing, og fela hadde han med seg. Knut Stordokk og Steingrim hadde felles interesser: Felespel og hestar.

04. Jenta på Brukåsmoen, gangar (1997)

Kjelder: Tollef Forberg/Anund Roheim. Jon Kåsa, eller Jon Tambur, var ein god dansespelemann frå Bø i Telemark.

Spelemannen Anund Roheim fortalte ei historie om denne slåtten, slik han hadde hørt han:

– Jon var på heimveg etter ei spelferd i Setesdal. På Setesdalsheiene møtte han brått huldra. Dette møtet var ei sterkt oppleving for Jon. Slåtten burde heller heitt Jenta på Setesdalsheiene, avslutta Anund.

05. Kåte Reiar, springar (1971)

Kjelder: Johannes Dahle/Eivind Mo. Det går mange historiar om «Kåte-Reiar» rundt i bygdene. Han er kjend i Hallingdal, Krødsherad, Sigdal, Numedal og i Telemark. Han var så kåt og sprek at han var vel den beste karen i bygda i dei dagane. Han blei aldri referert til noko anna enn Kåte-Reiar.

06. Draghaugen/Helg, gangar (2001)

Kjelder: Sigurd Hovda, Høye Kvåle (1879–1967), som lærde slåtten av Kjetil Håvardson, kalla han *Draghaugen*. Draghaugen er ein stad ved Møsvatnet der dei drog båtane over. Dette var før vatnet blei regulert. Håvard Gibøen sat i båten og spela då dei drog båten over. Derav kom namnet.

– Denne slåtten har nokon tak på grannstengene som minner litt om omen av klokkeklang, skal Torkjell Haugerud ha uttrykt seg.

Helg er et nyare namn på slåtten som Eivind Groven og Johannes Dahle sette på han.

I opptak med Johannes Dahle fortel han om bakgrunnen for at slåtten fekk namnet Helg. Komponisten og felespelen Eivind Groven (1901–1977) var på konsertferd i Tinn og nyttja samstundes høvet til å vitja Johannes. Dette var tidleg på 1920-tallet.

Johannes fortel: – Me hadde vore upp te mor o far o eter middag, o då me kom nedatt i stogo, spøla e fæm Håvard-gangara ette inaen. Da e ha spølå te endes denne siste, reiste Groven se o sa: – Dette er helg!

– E ha ikkje nemn på den gångaren, so derfe kom e te kall'n Helg ettepå.

07. Håvardstubbens, springar (1981)

Kjelder: Johannes Dahle. Johannes Dahle fortel: Da e va borte ihjå Gunnulv Borgen (Bø i Telemark) so va me ute og gjekk bort mot sentrum. Da sa Gunnulv: – Her borte i Svergje va det Rasmus Svergje va, o der va Håvard o lærde den slåtten. *Håvardstubbens*.

08. Haugelåt, gangar (1981)

Kjelder: Johannes Dahle. Brynjulf Olsson var fehandlar og spelemann. Ei vende han fór med drift, kom det bort ein stat for han. Han




FOTO: BJØRN LAUPSA-BORGE, 2013

Tinnsjå

leita etter stuten, men til slutt vart han trøytt og la seg nedpå. Då han vakna att, blei han var at det tulla og let så fint. «So såg'n ett stort kvennfolk bortafe' se'attve ein stor stein. – o ja, o mæ slikt vent hår som va breidd utvi ekslan, so dæ va' so dæ lavde, o ho tulla so ven ein lått. Som 'o ha tulla áv da so sa'o:

So skal du spålå på fiolin din du, Brynjulf
Olsson når du kjem heima' te kjæring o bon
O bortafe nuten der finn du stuten sa'o. O der
fan'n stuten. – Dæ fela'n ingen ting han ha vorte
trøyt o dær ha'n lagt se. Men dæ gjekk eit halvt
år for'n kom at pâ den låtten»
(Sitat Knut Dahle, 1843–1921)

09. Håvard Gibøens draum, springar (1992)

Kjelder: Johannes Dahle. Spelemannen Håvard Gibøen var gift med Mari Kjetilsdotter Eikja frå Bø i Telemark, såleis vitja han bygda mange gonger. Det var på ei av desse ferdene at Håvard la seg til å kvila ved Oterholt bru. Han somna og drøymde ein slått, som han seinare spelte for folk.

– Eg hev ikkje hørt han av noko menneske, sa han.
Denne slåtten blei mykje brukt og folk tykte det var ein svært god slått. Då sa Håvard: – Ja, det gjer nok så'n spela'n au! (Gjer noko kven som spelar han óg).

10. Frå Numedal til Tinn, gangar av Knut Myrann


(ISRC: NOHDU0001050, «Veneflamma»)
Slåtten kom til etter ein tur over Veggfjellet til Tinn for å vitja Johannes Dahle. Det var om sommaren og Tinnsjå låg røleg og spegelblank i morgonsola. Slike opplevingar kan gje fantasiën grobotn, som i denne gangaren.

Knut Stordokk

FOTO: JON SKARPÅS



Sigurd Hovda, Busnesgrend



FOTOGRAF UKJENT; FOTO UTLÅNT AV BJØRN LAUPSA-BORGE



FOTO: KNUT MYRANN

11. Springar etter Tollef Forberg (privat opptak, 1989)

Kjelde: Sigurd Hovda. Tollef Forberg var frå Bø i Telemark og lærde mange slåtter av Torkjell Haugerud. Denne går også under namnet *Forbergen*.

12. Skarsnuten, gangar (1971)

Kjelde: Eivind Mo. Slåtten skriv seg truleg frå Leif Sandsdalen (1825–1896). Han var frå Seljord, son til Øystein Langedrag (1785–1848) og lærde å spela av han, og blei ein særskilt dyktig utøvar.

Sandsdalen la stor vekt på å halda fast på dei gamle, gode slåttemiene, slik han sjølv hadde lært dei, i motsetnad til «nyskaparane» Myllargutten (1801–1872) og Lars Fykerud (1860–1902). Sambygdingen Torkjell Haugerud lærde mange av slåttane til Sandsdalen, ikke minst gjennom Halvor Flatland (1853–1929), frå Bø.

13. På Kongsbergmarken, springar av Knut Myrann

(ISRC: NOHDU0001110, «Veneflamma»)

I 1993 var det 150 år sidan spelemannen Knut Lurås døydde på Kongsbergmarken. Myrann laga denne slåtten til den markeringa. Gjennom slåtten prøver komponisten å gje ei musikalsk oppleving slik marknadslivet med felespel og dansemoro kunne arta seg i den tida.

14. På Løytnantsdrengs minne, gangar av Knut Myrann

(ISRC: NOHDU000101, «Veneflamma»)

Pål Løytnantsdreng frå Nore var ein av mange spelemenn som reiste over til Amerika og enda sine dagar der borte; nærmere bestemt i Wisconsin. Denne slåtten laga Knut i samband med minnestemmet om Pål Løytnantsdreng i 1986. Under Landskappleiken i Bø i Telemark i 1988 vann Knut klassen for nyskaping med denne gangaren.

«Fyrste landskappleiken eg høyrde var i Bø i 1988. Knut vann klasa for nyskaping med den sjølvlagda gangaren «Pål Løytnantsdrengs minne». Ein nab av meg spela oppatt og oppatt slåtten i NRK-opptak. Da eg seinare skulle lære ein slått etter Pål Løytnantsdreng, minte slåtten om Knut, utan å ha same melodien. Eg trur godt at Løytnantsdrengen kunne ha spela dette, om han hadde kome på det.» (Torgeir Straand, Bø i Telemark, april 2012)

15. Stordalsnibba, springar av Johannes Dahle (1981)

Kjelde: Johannes Dahle. Johannes vart ofte inspirert av naturen i slåttedidtinga si.

– E gjekk ein tur mæ Hans Urdalen uppivi mot Skarfjellnuten. Dæva so bestikka mæ stein der. Laussteinan stakk upp som mektige tagga i fjellsida. So lågå e tan grove o djupe på basen, da, ette landskape.

16. Innmed omnen, springar av Johannes Dahle (1973)

Kjelde: Johannes Dahle. Knut Dahle, bestefar til Johannes, var tidleg opp i lia ovanfor Tinnsjå. Han dreiv som småbrukar og husmalar og var ungkar all sin dag. Helst var det spelemann på heiltid han ville vera, og på ein måte var han det i og med at han kunne styra livet sitt som han ville.

Mange var dei spelemennene som vitja Johannes, for å læra og for å høyrja spel, og Johannes var ikkje vanskeleg å beda på. Knut Myrann var ein av dei som fekk ausa av denne slåttekjelda.

Johannes har diktat ein slått som kan teikna eit bilete av det å sitja ved omnen når kaffien kokar og det sprakar i omnen. Fela er då med, og som den heimekjære karen Johannes var, så fann han glede i dei små tinga. Denne slåtten gjev ei fin skildring av dagleglivet til ein spelemann som visste å setja pris på dei nære ting.



Gjermund Haugen heime på Notodden



Steingrim Haukjem



Bjarne Herrefoss spelar for Knut etter sigeren på Landskappleiken på Voss i 1976.

17. Luråsen II, gangar (1983)

Kjelde: Gjermund Haugen. Det er tre av desse Luråsslåttane som går under namna Luråsen I, II og III. Parallelslåttar er Langedragen I, II og III, i tradisjon etter Øystein Langedrag (1786–1848). Han levde samtidig med Luråsen og var den førande spelemannen i Telemark på den tida, saman med Knut Lurås.

Knut Myrann brukte denne slåtten då han var på sin første Landskappleik og vann yngste klasse. Det var i Kristiansand i 1951.

18. Gangar etter Eivind Speleemann (1971)

Kjelde: Steingrim Haukjem. Eivind Speleemann frå Flesberg blei også nemnd som Eivind Tave. Han var fødd i 1830 og døydde i 1883. Faren Gullek var også speleemann. Dei spela saman i lag og bryllaup alt frå Eivind berre var ein gutunge. På den tida Eivind vaks opp kom det nye danseformer til Numedal, og han lærde seg også desse. Det var dei som ville ha det til at faren skulle vera endå betre danse-speleemann enn Eivind.

19. Steingrim Haukjems minne, springar av Knut Myrann

(ISRC: NOHDU0001080, «Veneflamma»)

I 1997 var det hundre år sidan Steingrim Haukjem vart fødd, og i det høvet dikta Knut ein slått for å æra denne tradisjonsbæraren. Her finn vi både element av Steingrim sitt spel, men også det personlege som Knut har i sitt spel. Steingrim var førebiletet for mange spelemenn i Numedal.

Ved sida av å vera speleemann dreiv Steingrim som bonde og tømmerkørar. I ungdomen lærde han av Steinar Gladheim (1883–1919), som igjen hadde spel frå Kittil Ulstad (Gladheim) (1878–1906).

Steingrim var berre ungdomen då han første gongen (1915) tok turen til Knut Dahle (1834–1921) på Tinn for å læra slåttar. Det blei etter kvar mange turar dit.

20. Margit Langerud, gangar etter Ole Olsen Kolsrud (1994)

Kjelde: Sigurd Hovda. Margit Langerud var ei heddøle som kan seiast å vera ein parallel til Guro Heddeli i Seljord. Stavet til slåtten lyder slik:

*Dem fødde 'kje meir på ein trittonegارد
enn Margit ho fødde på Langerud'*

Det er ein gangar etter Ola Kolsrud og variant av *Langedragen* og *Luråsen II*. Anund Haugan hadde slåtten etter Jon Kolbjørnsrud, som lærde denne og fleire andre Kolsrudslåttar direkte av Ola.

21. Springar etter Knut Vågen (1981)

Kjelde: Johannes Dahle. En variant av springaren *Sauaren*, eller *Fivilbøen*, som han også vert kalla. Fivilbøen er ein gard på Møsstrond.

22. Kvennaslåtten, springar (1978)

Kjelde: Johannes Dahle. Slåtten er også kjend under namn som *Knut Dahles springdans* og *Knut Dahles nr. 1*

«Hev du'kje ein go bas so nei pinade tar du kje prøve spela denne slåtten,» sa Håvard Giboen. Etter Johannes Dahle sitt utsagn var det Sjur Helgeland (1858–1924) frå Myrkdalen, Voss, som sette namnet på slåtten.

Dette optaket er frå Porsgrunnskappleiken i 1978. Det gjeld omspeling om ein vandrepokal som Knut vann til odel og eige.

23. Førnesbrunen, gangar (1976)

Kjelde: Johannes Dahle. Det heiter seg at hesten på Førnes på Møsstrond frakta lika under Svartedauden aleine over fjellet og ned til kyrka i Rauland. Dette er skilda i slåtten *Førnesbrunen*. Slåtten finst i mange utformingar, og einskilde spelemenn har sett meir preg på slåtten enn andre. Nemnast kan Jørgen Tjønnstaul, Rauland (1864–1985) og Einar Løndal, Tuddal (1914–2006).

Førnesbrunen er gravlagd utanfor kyrkjegården. Der er det reist eit monument over han som er laga av Tor Vaa (1928–2008).

Dette optaket er frå Landskappleiken på Voss i 1976, der Knut vann.

24. Slåttedølen, springar (privat opptak, 1990)

Kjelde: Sigurd Hovda. Namnet er etter spelemannen Gunnar Slåttedalen frå Vatnarheia i Bø i Telemark. Andre namn som er brukte er Fosslanden og Gamal springar frå Tuddal.

/Bjørn Laupsa-Borge

OM OPPTRÅKA

NRK-OPPTAK:

Spor 01, 02, 07, 08, 15 og 21: 09.11.1981, NRK studio 19, Marienlyst. Produsent: Sven Nyhus. Teknikar: Egil Johan Damm.

Spor 03: 07.07.1957, Nore i Numedal. Produsent: Rolf Myklebust.

Spor 04: Landskappleiken 1997, Ål. Produsentar: Leiv Solberg og Kjetil Bjørga. Teknikarar: Gudrun Gardsjord, Elisabeth Sommersnes og Inger Kvalvik.

Spor 05, 12 og 18: 25.02.1971, NRK studio SK2, Marienlyst, Oslo. Produsent: Rolf Myklebust.

Spor 06: 30.06.2001, Ridehallen, Rauland, Landskappleiken 2001.

Produsentar: Leiv Solberg og Kjetil Bjørga. NRK Musikkteknikk: Inger Kvalvik og Gudrun Gardsjord

Spor 09: Landskappleiken 1992, Fagernes. Produsentar: Lisa Halvorsen, Leiv Solberg, Bjørn Aksdal. Teknikarar: Egil Johan Damm, Arne Kristian Dypvik, Gudrun Gardsjord og Jørgen Ferkingstad.

Spor 16: 30.06.1973, Landskappleiken 1973, Konsertpaleet kino, Bergen. Produsentar: Rolf Myklebust og Sven Nyhus.

Spor 17: Landskappleiken 1983, Kongsgården, Kongsberg. Produsent: Sven Nyhus.

Spor 20: Landskappleiken 1994, Ridehallen, Rauland. Produsentar: Leiv Solberg, Jørn Jensen og Arild Hoksnes. Teknikarar: Egil Johan Damm, Gudrun Gardsjord og Terje Hellén.

Spor 22: Folkemusikkdagane i Porsgrunn 1978. Produsent: Liv Greni.

Spor 23: Landskappleiken 1976, Voss. Produsent: Rolf Myklebust.

ANDRE OPPTAK:

Spor 10, 13, 14 og 19: Frå CD'en «Veneflamma» (Folkemusikkcenteret i Buskerud, Prestfoss, 2000) Opptak: Nes fjellkirke. Lydredigering: Tor Magne Hallibakk.

Spor 11 og 24: Porsgrunnskappleiken under Folkemusikkdagane i Porsgrunn 1989 og 1990. Opptak: Hans Åge Kolberg. Lydredigering: Tor Magne Hallibakk.

TILLEGGSSOPPLYSNINGAR

om notevedlegg som det ikkje er lydinnspeling av på CD'en.



Olav Viken vart tildelt Kongens fortjenestemedalje i gull den 1. juli 2001. Her saman med kona Mary.



Steinar Steinarsen Ormerud felte bjørnen Rugg.

FLÅ KOMMUNES FOTOARKIV



Parti frå Vassfaret

FOTO: THOMAS MØRCH

Olav Vikens minne, springar

Ein slått til minne om venen og felemakaren Olav Viken frå Fagernes. Slåtten tek til med eit førespel.

Rugg – Vassfartonar, gangar

For å heidra slagbjørnen Rugg fekk Knut i oppdrag å lage ei musikalsk skildring om Rugg sitt liv og lagnad i møte med villmarka i Vassfaret. Knut følger slagbjørnen Rugg i fantasiën gjennom eitt år. Han startar den musikalske vandringa når Rugg ligg i vintersøvnen med draumane sine. Slåtten startar difor med djupe, mørke og rullande tonar. Etter kvart skiftar han karakter og blir kvikkare og lysare i tonen. Rugg føler at det går mot vår og søkjer ut av hiet etter eit lang vintersøvn. Han føler både spenning og forventning i møtet med naturen.

Slåtten skifter no temperament i takт med naturen, eit skifte mellom lys og skugge. Sommaren er full av liv og spenning i ein skiftande og vill natur. Så kjem hausten med si fargeprakt, og Rugg førebur seg på ein ny og lang vintersøvn. Slåtten speglar av dette i farge, dåm og drag. I eit parti mot slutten av slåtten uttrykkjer Rugg si ruggande gange, som var typisk for han. Slåtten går i 2/4-gangartakt og ber tydeleg preg av omen frå villmarka i Vassfaret.

«Alvorstunge og lekende. Vinter-trøtte og fylte av sommerlig kåtskap. Spretende over vårlige tuer og forsiktig tråkkende i nyfallen høstsø. Mistenksomt snusende mot fare og håpefullt strenende mot blodferske måltid: Slik veksler klangene og intensiteten i dårlike toner fra Knut Myrranns hardingfelelåt han, i gangartakt, skildrer 'bjørnen som var større enn andre bjørner' i nykomposisjonen Rugg-Vassfartonar.» (Per-Erik Berge, Ringerikes Blad, 14.11.2011)

Knut vil med slåtten Rugg ta oss med på ei musikalsk vandring gjennom villmarka i Vassfaret. Staden har ein eigen klang, ikkje berre i fantasiën til folk austafjells, men også utanfor landegrensene. Det er eit område som får oss til å tenkja på urørt natur. Her har det budd menneske frå langt tilbake i tid, ja, helt tilbake til tida før Svartedauden. Dei siste fastbuande var Berte Skrukkefallaugen og Anton Bjørke, som var sonen hennar.

Den 13. mai 1908 måtte Rugg bøta med livet etter ei intens jakt i sju veker. Steinar Steinarsen Ormerud var han som felte bjørnen. Men historia om slagbjørnen Rugg vil framleis leva i folkesjela, og i 1998 blei det avduka eit minnesmerke over Rugg der han vart skoten.

Kjelder:

Johannes Dahle, intervju 1950-talet
Takt og tonar, av Anne S. Haugan, Folkemusikkarkivet i Buskerud, 2011

Knut Buen

Knut Myrran

Norsk Folkemusikk – hardingfeleslåttar

Knut Buen: *Som gofa spøлå* – Rupesekken Forlag 1983
www.no.wikipedia.org

FROM NUMEDAL TO TINN

A MEMORY

Some musical experiences stand as landmarks in one's memory. Knut Myrann gave me one of those experiences once upon a time. However, I'm not sure he is aware he did.

One day, many years ago, my family and I went on a Sunday trip to Tuddal. An event was to be held in the town square, and it seemed like something we shouldn't miss out on.

When we arrived, we saw the place was filled with spectators, and at the center, hosting the event, was Knut Buen. Instantly he paused and said "I see a great fiddle player has come to visit – Numedølen, Knut Myrann – now I dare him to play a few tunes for you all".

The Numedøl, who was only coincidentally passing through, didn't hesitate. He greeted the crowd and brought out his fiddle case. And unlike other people from Numedal; he was ready to play right away.

Fitting for the location, Tuddal, he brought out Tjønnefela, took a few light strokes before plunging right in. It was a magical moment. The fiddler was in great form; one tune came after the other, without a moment of tuning or hesitation. The crowd was quite restless at first, but they quickly grew still. Those present truly experienced something special, and Knut Myrann gave it his all. It was a Sunday afternoon I will never forget.

This is how it goes with the great fiddlers sometimes; when stars align and everything just flows. Way back when, they used to say, when a fiddler was in this special place, he falls into a trance-like state. Although potentially a slight exaggeration, they do occasionally find themselves in these moments of pure sound. This was such an occasion. Knut Myrann was exhilarated; the tones bubbling at the surface, and the fiddler gave them life

KNUT MYRANN

Knut Myrann entered into the elite category of hardingfiddle musicians when he won Landskappleiken in 1951 (youngest division), and remained so up until the turn of the millennium. Myrann represents Numedal, a district with folk art tradition stretching far back in time, and folk music has been a big part of this tradition. In 1954, Knut won division B of Landskappleiken, held in Lom that year. His stature rose even further when he won division A (the elite division) both in 1973 and 1976. He is, to this day, the only person from Numedal to win Landskappleiken.

In September of 2014, the area of Numedalen/Kongsberg lost two iconic fiddlers and bearers of tradition in Arne Olsen, Flesberg (1940–2014) and Leif Aasane, Kongsberg (1933–2014). One could say that Knut Myrann is one of the very few stewards of this tradition left in the Numedal scene. With this album, the label *ta:ik* wants to shed light on



FOTO: PER ERIK BERGE

this performer, releasing recordings made throughout a long and prosperous life as a fiddler.

Knut Myrann (b. 1932) was born in Nore in Numedal, an area of strong folk music heritage, despite its geographical location between the powerhouses of Hallingdal and Telemark – both with a formidable folk history. Although he got a lot of inspiration and guidance in the local community early on, Knut quickly looked further, specifically westwards and to Telemark. Upper Numedal and Tinn in east Telemark have historically been akin in style of play, and it was here Knut gathered tunes – as others from Numedal before him.

His greatest source of inspiration in Numedal was Steingrim Haukjem (1897–1968) from Veggli. When Knut's grandfather on his mother's side got a visit from Steingrim, Knut had to sit quiet as a mouse and listen to talk of fiddles and horses. Even if Knut had yet to start playing himself, in some way he already knew many tunes from these gatherings between his grandfather and Steingrim. On many occasions playing until dawn. Then they accompanied the fiddler to the train station for his journey to Veggli. While waiting, Steingrim often brought out his fiddle and started playing. Sense of time and place often vanished, and when the train arrived they almost had to carry him onboard.

After Christmas, one time in the early 1950s, Knut Myrann and Steingrim were out logging in Verjedalen. There wasn't much playing during these winter days. The work was laborious, and Knut went early to bed during this strenuous time. But it was valuable experience nonetheless, getting to know Steingrim up close and personal.

The brothers Olav (1914–2008) and Steinar Strømmen (1908–2002, and Halvor Kaasin, located in Nore, were central at the beginning of Knut Myrann's career.

Olav Strømmen sr. was noticed at an early age as a fiddler. At the age of eleven he attended his first fiddle competition. In his early years, Olav had his brother, Thorleif, as a mentor, but in time he also received guidance from Steingrim Haukjem; the leading fiddler in upper Numedal. Olav was quite often employed as a fiddler at various dances, and showed great enthusiasm in his performances. If he showed up at a gathering it was hard to stop him from playing. He was filled with such abundance and love of music one seldom gets to witness. One could not help but feel the joy when Olav was around. He was the first person from Numedal to be featured on the folk music program on NRK radio. The year was 1931. In 1983 he received Nore and Uvdals's Honoray Culture Award, as its very first recipient.

His brother, Steinar Strømmen, began playing around 1927 and became a regular fixture on the competitive fiddle events hosted in Numedal. A total of fifty times he participated in these events. Apart from these local events, he also performed at contest in Telemark, Sigdal and Hallingdal, and earned many respectable placements. During the summer of 1959 he performed for SAS (Scandinavian Airline System) in Bodø, during a time he considers to be his best as a fiddler.

Halvor Kassin must be mentioned as well when we think back on the greatest fiddlers Numedal has fostered. But he was not without great mentors. First there was Steingrim Haukjem, later followed by Johannes Dahle from Tinn. Other notable names were Truls Ørpen from

Krødsherad and Tor Hagen from Veggli (originally from Tinn). From these he learned many tunes, for it was these tunes which were closest to Halvor's heart. He was always faithful to traditions, though not afraid to leave his unique mark on the tunes. In 1937 he performed on NRK radio and received high praise from Eivind Groven: "It was an excellent performance. His play was without flaw, one of the best we have had on the radio". Sven Nyhus visited Nore in 1976 and made recordings which were later broadcasted during Folkemusikkthalvtimen (Folk Music Half Hour).

In Telemark, Eivind Mo (1904–1995), Johannes Dahle (1890–1980), Torkjell Haugerud (1976–1954), Høy Kvåle (1879–1967), Rikard Gøytil (1890–1967), Kristiane Lund ((1889–1976) and Gjermund Haugen (1914–1976) were sources of most of his tunes.

In addition to these leading hardingfiddle musicians, Knut had the fortune of meeting Sigbjørn Bernhoft Osa (1910–1990), from Voss early on. He had, among other feats, won division A at the 1951 Landskappleiken in Kristiansand. Here, alongside this increasingly nationally known fiddler, Knut laid the groundwork for his exceptional bow hand. Meeting this artist sent ripples through his musical career. Another name of inspiration worth mentioning, there out West, was Anders Kjerland (1900–1989), from Granvin in Hardanger.

As one can tell, Knut Myrann has gathered the best from the best, giving him a rich and diverse collection of tunes and tune knowledge, which has carried over into younger generations. Myrann has had many students over years, with a select few reaching great heights as performers.

After the passing of Steingrim Haukjem, the district of Tinn became a major source of tunes for Knut, especially through a fiddler by the name of Johannes Dahle. The tunes of Tinn and upper Numedal are related, and therefor it was natural for Knut to accumulate tunes from this area. From Johannes, Knut was taught tunes in Numedal and Dahle tradition, as well as Lurås and Gibøen tradition.

For his contribution and efforts within folk music, Knut has received:

- Honorary member, FolkOrg, 1999
- Honorary member, Nes Spel and Dance Team, 2000
- Hallingdal Medal in Gold, 1963
- Culuture Award, Nes county, 2000
- Culture Award, Nore and Uvdal county, 2007
- Fiddler of the Year award from the Folk Music Days in Porsgrunn

KNUT HALVARDS

In 1976 Knut founded his own traditional folk dance orchestra, *Knut Halvards*. That same year the band went on tour in the USA, followed by another tour three years later. In 1987 they were invited to play at the annual *Norsk Høstfest*, in Minot North-Dakota.

In 1982 *Knut Halvards* became national champions in traditional folk dance music , followed by three album recordings shortly after. The band was for many years one of the more sought after dance and band musical attractions in Norway. The old folk dance music is popular in rural areas, became a staple of their repertoire, with Harding fiddle as a key element of their sound when performing.



Spelemannsvenner, Knut og Leif Rygg tidleg på 1970-talet

FOTO: JENS A. MYRO

RICH LIFE

Knut Myrann can look back on a rich and exciting life as a fiddler. He is one of the lucky few to have had the privilege of learning from the old great traditions – both out east and west.

Even though Knut lived in Nesbyen for many years, he remained faithful to the traditions of Upper Numedal. He was very fascinated by the tune traditions left behind by the Løytnandsdrengene from Nore, even hosting several radio programs about this rich fiddler lineage.

Knut was often criticized in Numedal for learning to play the Telemark way. – I don't understand this, Knut says. – This is nothing new, just history repeating itself. Most of the great fiddlers in Numedal went to Telemark and learned to play. We can name Løytnandsdrengene, who were taught by Knut Lurås (1780–1843) and the others they met at Kongsbergmarken. Steingrim Haukjem visited Telemark quite often. Hellik A. Juveli (1897–1986), from Flesberg, had a lot of Telemark play in his repertoire, and the same can be said of other fiddlers in Numedal, Knut ends.

Knut, like many did before him, travelled to learn more and broaden his horizon; a characteristic this album also will reflect.

NEWLY COMPOSED TUNES

Knut Myrann has also created some new tunes in an old fashioned style. On this record, four of these recordings will be featured, along with the underlying note structure. This is included for those interested in learning these compositions.

/Bjørn Laupsa-Borge




FOTO: BJØRN LAUPSA BORGE

Knut Myrann, hardingfele:

01. Pål Løytnatsdreng, gangar (2:29)
02. Fjellbekken, springar (2:51)
03. Seljefløyteslått, springar (2:21) – **Knut Stordokk, seljefløyte**
04. Jenta på Brukåsmoen, gangar (3:37)
05. Kåte Reiar, springar (1:47)
06. Draghaugen/Helg, gangar (3:31)
07. Håvardstubben, springar (2:11)
08. Haugelåt, gangar (1:47)
09. Håvard Gibøens draum, springar (3:42)
10. Frå Numedal til Tinn, gangar av Knut Myrann (3:11)
11. Springar etter Tollef Forberg (2:43)
12. Skarsnuten, gangar (2:17)
13. På Kongsbergmarken, springar av Knut Myrann (2:46)
14. Pål Løytnantsdrengs minne, gangar av Knut Myrann (2:52)
15. Stordalsnibba, springar av Johannes Dahle (3:11)
16. Innmed omnen, springar av Johannes Dahle (2:20)
17. Luråsen II, gangar (4:49)
18. Gangar etter Eivind Spelemann (2:10)
19. Steingrim Haukjems minne, springar av Knut Myrann (3:56)
20. Margit Langerud, gangar etter Ole Olsen Kolsrud (3:25)
21. Springar etter Knut Vågen (2:04)
22. Kvennaslåtten, springar (3:47)
23. Førnesbrunen, gangar (4:17)
24. Slåttedølen, springar (3:49)

(total: 73:08)